




<b>Skjermen viser:</b>	<b>I timen:</b>
	Introduser temaet for timen og sjå <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Mangfald og følelsar (youtube.com)</a>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Slik vil vi gjerne det skal vere når vi er i eit mangfald. Kva er det som er bra her?</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kva skjer på dette bildet?</li> <li>Kvifor trur de nokon er stygge med andre slik?</li> <li>Korleis er dette for jenta i gul kjole?</li> <li>Kva bør dei andre barna gjere for å hjelpe jenta?</li> </ul>
	<p>Ein treng ikkje bli plaga eller utestengt for å kjenne seg utanfor. Det er vanleg å vere usikker på om ein blir likt, og lure på kva andre egentleg synes om seg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Korleis kan vi sjå at desse ikkje er trygge på kvarandre?</li> <li>Korleis kunne vi sett om dei var trygge?</li> </ul>
	Sjå filmen <a href="https://www.youtube.com/watch?v=...">Føler du deg utenfor? - YouTube</a>
<p>Gjer denne øvinga om å passe inn eller bli utanfor</p> <p>Klipp opp lappane med ulike måtar å helse på frå arket, og legg dei i noko elevane kan trekke lappen frå. Sørg for at det ikkje er fleire lappar enn elevar, slik at dei to lappane som er unike blir trekt. La det vere minst to eller fleire av dei andre lappane. Dersom de er fleire enn 24 elevar så skriv du ut to ark, men <i>ikkje</i> ta med fleire av dei som er unike.</p> <p>Instruer elevane til å trekke ein lapp og sjå kva som står på den, men ikkje vise/fortelje til nokon andre. Når øvinga startar skal alle elevane gå roleg rundt i rommet og helse på kvarandre med akkurat det ordet som står på sin lapp. Når dei har funnet andre som helsar på same måte som seg sjølv, går dei vidare saman. Målet er å finne alle som helsar på same måte og danne ei gruppe.</p> <p>Når alle har funnet gruppa si er det 2 som står att aleine. Reflekter saman med elevane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>korleis kjennes det å ikkje finne nokon ein passar saman med?</li> <li>Korleis kjennes det å prøve å få med fleire, men dei som er aleine passar ikkje inn?</li> <li>Korleis kunne ein fått det til å passe slik at alle hadde nokon å vere med?</li> </ul>	

 <p>Sjå filmen om piggevinet som kjente seg utanfor</p> <p>Erste Christmas Ad 2018: What would Christmas be without love? F&amp;B Erste Group</p>	<p>Sjå filmen om piggevinet som var utanfor på grunn av piggene sine, men fekk hjelp frå dei andre til å passe inn: <a href="#">Erste Christmas Ad 2018: What would Christmas be without love? - YouTube</a></p>
 <p>Korleis kan vi som går i klassa passe på at ingen her kjenner seg utanfor?</p>	<p>La elevar jobbe saman og kome med konkrete forslag til kva dei kan gjere for å passe på at ingen kjenner seg utanfor.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane kan gjerne rollespele at nokon er utanfor (bør ikkje vere ein elev som faktisk ofte er utanfor) og at dei andre legg merke til dette og inviterer med.</li> <li>• Korleis kan ein legge merke til at nokon er utanfor?</li> <li>• Korleis kan ein vise med blick og kroppsspråk at ein er velkomen med?</li> <li>• Korleis inkludere andre også på nettaktivitetar?</li> </ul>
 <p>Litt Frosketid?</p> <p>Vi skal gjøre S-pust sammen.</p>	<p>I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: <a href="#">Pust med naturen (s-pust) - YouTube</a></p>